ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 13.09.2022 |
| Vår: 22/1610 - 22/68575 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve for gang- og sykkelvegen og planering av del av felt KBA1- gbnr 212/132 Eikanger øvre

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 973/22** |
| **Tiltakshavar:** | Atr Eiendom AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Tippetue Arkitekter AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for del av infrastruktur og planering på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile gang- og sykkelveg langs E39 slik den er godkjend etablert og planering av del av KBA1 (sørvestleg del).**
2. **Ferdigattest skal liggja føre innan 09.09.2023.**

Ansvarleg søkjar har ordna med nødvendig sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, rammeløyve datert 02.10.2015 og endringsløyve datert 28.03.2022.

Mellombels bruksløyve gjeld heile gang- og sykkelvegen langs E39 frå o_V2 i sør til og med busshaldeplass i nordgåande retning. Av vedlagte kart datert 09.09.2023 går det fram at mellombels bruksløyve også omfattar planering av del av delfelt KBA1, det vil seia dela av areal sørvest i delfelt KBA1. Gjenståande arbeid er vist med skravur, og omfattar delar av intern veg i delfeltet og planering av nordaustleg del.

Det vert elles vist til tidlegare gjevne mellombels bruksløyve datert 22.01.2018 og 01.04.2022.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.
Tidspunkt for ferdigstilling er opplyst til: 09.09.2023.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.09.2022 og supplerande dokumentasjon mottatt 09.09.2022 og 13.09.2022.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket slik det er søkt om.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Bygningstiltak: | Gang- og sykkelveg langs E39 og planering av sørvestleg del av KBA1. |
| Avløp: | Kommunalt |
| Vatn: | Kommunalt |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1610

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Anne Lise Molvik |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Oversiktskart_ hovedfil_2022_sept

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Atr Eiendom AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tippetue Arkitekter AS | Sandviksbodene 5 | 5035 | BERGEN |